



Jens H N Bjordal
Jens Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/1663 - 22/31779

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
26.04.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 309/28 Hjertås

Tiltak: oppføring av tomannsbustad
Byggjestad: Gbnr: 309/28
Tiltakshavar: Meland Bygg AS
Ansvarleg søkjar: Jens H N Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om endring og ferdigattest for tomannsbustad (hus 1, 2) - bustader gbnr 309/217 og 309/218 den 28.03.2022.

Rammeløyve av 11.06.19 i UDU sak 54/2019, igangsettingsløyve for bustader 1-1A og 2-1B av 16.08.19 i sak 18/664 og rammeløyve for felles utomhus og VA-anlegg av 23.11.18 i sak 18/2440 med vilkår gjeld for tiltaket. Vilkår ble satt i endringsløyve og igangsettingsløyve av 11.05.21 i sak 21/1663 i tillegg.

Kommune har ikkje motteke dokumenter med stadfesting at alle vilkår er på plass ved søknad om ferdigattest for hus 1,2- nåverande gbnr 309/217 og 309/218. Det kan søkjast om mellombels bruksløyve på vilkår i dette tilfelle.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Det kan ikkje utstedast ferdigattest for tomannsbustad før følgjande ligg føre:

1. Dokumentasjon på ferdigstilling av VA-anlegg og overvatn skal leverast til Samferdsel-, veg, vatn og avløp avd.
2. Ved etablering av fleire bueiningar i prosjektet (fleire enn 4) skal det utarbeidast felles fordrøyningsmagasin som skal gjelde for heile feltet. Dokumentasjon må leverast til samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdelinga.
3. Ved etablering av fleire bueiningar i prosjektet (fleire enn 4) skal det utarbeidast felles leikeuteareal i samband med pkt. 1.6.12 tabell 5 i kommuneplanen for Meland kommune. Det ble godkjent utomhusplan med felles leikeplass datert 7.11.18, motteke 8.11.18 (sjå vedlegg). Kommune må ha dokumentasjon på ferdigstilling før ferdigattest kan utstedast.
4. Det er heller ikkje stadfesta at leikeareal på kvar tomt er opparbeidd i samsvar med utomhusplan -kart datert 18.09.18 (sjå vedlegg).

5. Avfallsrapport for nybygg med samla bruksareal på over 300 m² skal sendast inn før ferdigattest kan utstedast.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 20.05.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Meland Bygg AS

Melandsvegen 279

5919

FREKHAUG

Mottakarar:

Jens H N Bjordal

Grønlandsvegen 11

5918

FREKHAUG